



## Statens vegvesen

Seim Bygg AS  
Nesbrekka 28  
5912 SEIM

Terje Seim

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
15/251850-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
11.10.2016

### Reguleringsplan for Sjøvold gnr. 172 bnr. 26 og 6 m. fl – Seim – Lindås kommune. Søknad om lagring av rein sprengt stein på området BF1

Vi viser til Dykkar søknad av 23.09.16 om lagring av reine steinmasser i området BF1 i reguleringsplanen for Sjøvold, gnr. 172, bnr. 26 og 6 m. fl. på Seim i Lindås kommune.

Statens vegvesen har i vår uttale til varsel om oppstart av planarbeidet for Sjøvold vist til våre krav til reguleringsplanen for naboeigedomen Nilshøyen bustadfelt som og har tilkomst via den private vegen Lurevegen fram til kryss med fylkesveg 402 på Seim.

I reguleringsplanen for Nilshøyen bustadfelt er det sett rekkjefølgjevilkår om at det må etablerast fortau langs fylkesveg 402 frå den austlegaste avkøyringa til bustadfeltet og fram til fotgjengarfeltet ved Seim skule. Etter det vi har fått opplyst er fortauet langs fylkesveg 402 bygd, men det er ikkje etablert tilfredsstillande kryssing for mjuke trafikantar i krysset mellom fylkesveg 402 og den private vegen Lurevegen. Framlegget til reguleringsplan for Sjøvold har ikkje vore ute til offentleg høyring enno og er derfor ikkje formelt godkjend.

For området gjeld reguleringsplan for Seim skule og utbetring av fylkesveg 402 (Plan-ID 1263-201005) godkjend 2012 og reguleringsplan for Seim barnehage (Plan-ID 1263-200812) godkjend i 2008.

Fortauet langs den private vegen Lurevegen er bygd fram mot krysset med fylkesveg 402 slik det er regulert i reguleringsplanen for Seim barnehage. Langs austsida av fylkesveg 402 vert det no bygd eit fortau forbi avkøyringa til eigedomen gnr. 172, bnr. 37 med utgangspunkt i eksisterande veg. På reguleringsplanen for Seim skule er fylkesvegen flytta mot aust og utforminga av krysset er endra i forhold til eksisterande veg. Vi ser det derfor slik at tiltak i krysset mellom fylkesveg 402 og Lurevegen må gjennomførast ut frå eksisterande veg.

For at Statens vegvesen skal kunne akseptere at det vert gjeve løyve til transport av stein fram til området BF1 i reguleringsplanen for Sjøvold må det gjennomførast tiltak i eksisterande kryss mellom fylkesveg 402 og Lurevegen som oppfyller krava til teknisk utforming i samsvar med handbok N100.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø

I tillegg må det sikrast tilfredsstillande kryssing for mjuke trafikantar av fylkesveg 402 ved krysset med Lurevegen slik at mjuke trafikantar ikkje må krysse i det utflytande kryssområdet. For å få det til må fortauet langs Lurevegen forlengast 15–20 meter langs austsida av fylkesveg 402.

Då fylkesveg 402 og krysset mellom fylkesveg 402 og Lurevegen ikkje er bygd i samsvar med godkjend reguleringsplan for Seim skule må det søkjast Lindås kommune om dispensasjon frå godkjent reguleringsplan for å kunne gjennomføre naudsynte tiltak i krysset mellom fylkesveg 402 og Lurevegen.

Dersom desse tiltaka ikkje vert gjennomført kan Statens vegvesen ikkje tilrå at det vert gjeve løyve til transport av steinmasser inn til område BF1 i framlegg til reguleringsplan for Sjøvold.

Etter at Lindås kommune har gjeve dispensasjon for dei nemnde tiltaka må det utarbeidast ein byggeplan og ein arbeidsvarslingsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen før arbeidet kan gjennomførast.

Plan og forvaltning  
Med helsing

Sindre Lillebø  
Seksjonssjef

Odd Høydalsvik

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Hordaland fylkeskommune – Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ  
proESS AS, Lerstadvegen 540, 6018 ÅLESUND